



TOKKE KOMMUNE

1

LANDBRUKSKONTORET

PRESSEMELDING.

Årets elgjakt er avslutta og elgjegerane i Tokke kan nok ein gong slå seg på brystet og sei, **vel utført**.

Framleis har vi ei bra elgstamme, men ein vinter med 3m snø og eit skogbruk i nedgang som reduserer mattilgangen pluss ein del andre faktorar, har gjort at 2014 kjem til å bli sett på som det året elgstamma i Tokke kom ned på det nivået der ein skal stabilisere den og stoppe nedgangen.

Det vert ei utfordring fordi jegarane endå meir enn før, må taka vare på produksjonsdyra vaksne elgkuer og store oksar.

Det blir som når sauebonden om hausten planlegg for eit nytt år i sauefjøsset.

Han/ho sender dei fleste lamma minus påsett til slakteriet, beheld gode vaksne sauer som skal parast på hausten og gjeva store lam på våren, sender dei sauene som skrantar, slaktar nokn av dei gamle værane og reiser til naboen og kjøper nokre nye unge, kåra værar med gode gener.

Godt hald, der vekstpotensialet i produksjonsdyra er teke vare på. Dette er ein garanti for at ein også neste år kan reise til skogs å plukke ut både store og små dyr.

Når ein no har kome ned på det vi kanskje trur er eit rett nivå på stamma, så må det føre til ei endring av minstearealet for elg. Utviklingsutvalet vil få ei sak 6. februar der ein tilrår at ein startar arbeidet med endring av minstearealet.

Jaktlaga og andre vil få tilsendt tallmaterialet om elgstamma og med eit framlegg til nytt minsteareal.

Kommunen gav ei kvote på 235 dyr og det vart felt 146 dyr. **Det er ein fellingsprosent på 62 %.**

Det er 51 dyr mindre enn i 2013. Fellingsprosenten då, var 83 %. Det vart då felt 197 dyr av ei kvote på 236 dyr.

Fordeling på alder og kjønn er god. Når det gjeld kalv og ungdyr vart det felt kalv 41 (38 %) og ungdyr 15(19) %. Eldre kyr 16(17) %. I høve hodyr –hanndyr 44(46) – 56(54).

Dersom vi ser på kjønnsfordelinga på kalv, så er den 21 % oksekalv og 20 % kukalv.

Vi har felt 56% kalv og ungdyr. I 2013 var dette og 57%.

I høve til skadeskyting er vi godt nøgde, når ein ser storleiken på kvota. Her vil ein alltid kunne bli betre, og vi ha fokus på dette med skadeskyting, heile tida.

Vi oppmoda jaktlaga til å felle små uproduktive dyr. Det ser vi på vektene er litt begge delar, men det var og forventa.

Slik vi kan vurdere elgstamma i dag, etter ”sett elg ” skjema for 2014, så har vi ei elgstamme pr. 31.12.14 har gått frå 0,50 til 0,45 sett elg på jegerdag.

Vi ser framleis at områda rundt Lårdal og sør for Høydalsmo har bra med elg, men Skafså og vestover er kraftig nedgang.

Endringar vil koma i 2015. Minstearealet bak kvar elg som er skote i 2014 er 4.200 da.

Produktiviteten målt i sett kalv pr. kalvku fekk ein knekk , ein kald vinter må taka mykje av skulda for det, men og at ein del skaut for mange og store oksar .

Sett elg står sentralt i vurderingane av elgstamma. Dette er ikkje eit eksakt verktøy, men vi har tala frå 1987 og fram til i dag.

Når vi ser bakover har desse tallar gjeve eit godt bilete av utviklinga av elgstamma i Tokke i desse åra. Derfor held vi fast på dette som vårt viktigaste verktøy.

Når det gjeld beite, så ser vi at skogbruket endrar seg og hogsten held seg på eit historisk lågt nivå. Det vil og vera med å bestemma stamma sin storleik i åra framover.

”Stamma må ned litt til. Med den harde snøvintern vi har no, ser vi for oss at kalveproduksjonen også neste år vert svak. Vi trur då at stamma er på eit nivå der eit minstearealet på 3.000 eller 3.500 da er det rette. Det vil bli gjennomført i 2015.”
Dette skreiv vi i 2013. Det må nok litt sterkare medisin til i 2015.

Fellingsresultata og ”sett elg ”for 2014 vil bli lagt ut på heimesida til Tokke kommune. Elles fin det tala for kvar jaktlag , både sett elg og vekter og avskyting på : www.hjortevilt.no .

Alt om fellingar finn ein på <http://www.hjortevilt.no/>

Dalen 27. februar 2014

Sverre Bakke
landbrukssjef